

Høyrings svar frå Fjellnettverket kommuneproposisjonen Næringsutvikling i fjellet

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg som arbeider for å skape levande og livskraftige bygder.

Fjellområda dekkjer om lag halvparten av arealet i Noreg, og fjellkommunane forvaltar store naturressursar. Fjellet har stor betydning for berekraftig samfunnsutvikling, utnytting av ressursar, rekreasjon og folkehelse. Samtidig har desse områda store distriktpolitiske utfordringar.

I samarbeid med Fjell-Forsk-Nett er Fjellnettverket i ferd med å lage ein fjellindeks som viser utvikling og status i 77 fjellkommunar i Sør Noreg. Fjellindeksen viser at fleirtalet av fjellkommunane har:

- Lågare sysselsetjingsvekst enn landsgjennomsnittet.
- Negativ befolkningsutvikling (35 av 77 kommunar)
- Lågare befolkningspotensial enn landsgjennomsnittet
- Færre nyetableringar enn landsgjennomsnittet
- Nyetableringane som skjer i fjellkommunane har ein mykje større sjanse til å overleve og til å vekse, samanlikna med resten av landet.

Det er ikkje ein direkte samanheng mellom samanslåing av små kommunar og positiv befolkningsutvikling og vekst i arbeidsplassar, bilete er nok mykje meir komplekst. Det er derfor svært positivt at det i proposisjonen under punkt 1.5 står at departementet arbeider med å styrke næringsutviklinga i fjellområda. Det stiller Fjellnettverket seg bak og ynskjer å bidra inn i dette arbeidet. Ei utvikling av fjellområda er viktige for oss som bur og driv næring i desse områda, men det er òg eit sentralt verkemiddel for å nå måla for distriktpolitikken.

Fjellnettverket meiner det er behov for ein målretta fjellpolitikk, der ein tek høgde for dei spesielle utfordringane ein har i fjellområda i Noreg. Fjellnettverket vil gjerne bidra inn i dette arbeidet.

Ein god og målretta fjellpolitikk bør innehalde:

- Ei kunnskapsbasert tilnærming med fokus på vekst i arbeidsplassar og nye næringar. Fjellområda har store naturgjevne ressursar som i for liten grad blir vidareforedla lokalt. Innovasjonskrafta og mangfaldet må styrkast. Det er avgjerande at fjellområda tek del i utviklinga av nye næringar.
- Auke dei målretta distriktsutviklingsmidlane. Dei målretta utviklingsmidlane til distrikta har vorte redusert dei seinare åra og dette har fått negative konsekvensar for næringsutvikling i fjellområda.
- Sterkare satsing på breibandutbygging i fjellområda. Tilgang på effektiv digital kommunikasjon er ein nøkkelfaktor for næringsliv og næringsutvikling i fjellområda. I rapport frå september 2017 meldte Nasjonal kommunikasjonsmyndighet at 86 prosent av alle husstandar i Noreg har tilgang på høgkapasitets breiband basert på fibernett, kabel-TV-nett eller VDSL1. I tettbygde strøk er denne på 97 prosent, medan i spreiddbygde områder er det 40 prosent som har same tilgang. Dersom ein aukar farten på utbygginga av breiband styrkar det grunnlaget for busetjing og næringsutvikling i fjellområda.



- Vidareutvikling av programmet «Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområda». Frå 2013-2017 vart det løyvd 50 millionar kroner over statsbudsjettet. Dette har gitt gode resultat og det bør opprettast ei ny satsing.